


Vegan met levenswijzing!



Innhald

1. Innleiing	1
1.1 Bakgrunn for planen	1
§ 3-1. <i>Kommunens og barneverntjenestens forebyggende virksomhet</i>	2
1.2 Prosess	2
1.3 Nasjonale føringar	2
2. Mål og strategiar	3
3. Barnets beste og FN sine berekraftsmål	5
3.1 Teieplikt og opplysningsplikt	5
4. Utfordringsbilete i våre kommunar	6
5. Definisjonar - felles forståing styrkar arbeidet	6
Inkludering	6
Førebygging	7
Tidleg innsats	7
Samhandling	7
Kva er god hjelp, kva er gode tiltak?	7
6. Den gode praksisen – slik gjer me det i våre kommunar	8
Tverrfagleg samhandling:	8
Førebygging	9
Tidleg innsats	10
Kompetanseheving:	11
7. Vegen vidare	12
8. Lokal del for Tokke kommune	12

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn for planen

Barnevernsreforma gjeld frå 01.01.22, og gir kommunane auka ansvar på barnevernsområdet. Måla med reforma er at kommunen skal styrke arbeidet med førebygging, tidleg innsats og samhandling.

Hjelpen skal også bli betre tilpassa barn og familiars behov. Måla med reforma kan berre bli nådd gjennom endringar i heile oppvekstsektoren, og reforma blir beskriven som ei oppvekstreform.

Hovudmål: Fleire utsette barn og familiar skal få den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt

Gjennom god og samordna innsats vil ein auke livskvaliteten til barn og familiar, og ein vil redusere talet på unge som hamnar i utanforskap.

Tidleg innsats med tiltak som er godt tilpassa behova til barn, ungdom og familiar er først og fremst ei investering i innbyggjarens velferd, men må også sjåast på som ei investering som kan spare kommunen for meir inngripande og kostbare tiltak seinare.

Etter lovendring av 01.01.22 er ansvaret til kommunen for førebygging tydeleggjort, og det blir stilt krav til at kommunestyret vedtek ei plan for dette arbeidet (jf. bvl § 3.1).

§ 3-1. Kommunens og barneverntjenestens forebyggende virksomhet

Kommunen skal fremme gode oppvekstsvilkår gjennom tiltak for å forebygge at barn og unge utsettes for omsorgssvikt eller utvikler atferdsvansker. Kommunen skal sørge for å samordne sitt tjenestetilbud til barn og familier.

Kommunestyret selv skal vedta en plan for kommunens forebyggende arbeid etter første ledd. Planen skal beskrive hva som er målene for arbeidet, hvordan arbeidet skal organiseres og fordeles mellom etatene i kommunen, og hvordan etatene skal samarbeide

I tillegg til at planen skal vere eit viktig bidrag for at kommunen arbeider førebyggjande og at kommunens innbyggjarar opplever tidleg innsats og koordinerte tenester, skal også brukarmedverknad stå sentralt. Innbyggjarens ressursar skal bli mobilisert, og dei skal oppleve seg som aktive samarbeidspartar i heile prosessen.

1.2 Prosess

Kommunane i Vest-Telemark har felles interkommunale tenester, som barnevern, PPT og NAV. Det har difor vore naturleg å samarbeide om å utvikle ein felles plan for det førebyggjande arbeidet. Arbeidet starta hausten 2022, og det vart etablert ei arbeidsgruppe som består av kommunalsjefane i dei seks kommunane. I tillegg har leiarar frå NAV, PPT og barnevern delteke.

I november 2022 var det ei felles samling for alle kommunane der aktuelle deltakarar i oppvekstreforma var invitert. Det var også ungdomar med. Målet med dagen var å skape felles forståing for oppdraget og legge til rette for vidare arbeid med plana.

Kommunalsjefane saman med leiarar i støttetjenestene har hatt hovudansvaret for å utvikla plana, og det har vore månadlege møter for å drøfte form og innhald.

1.3 Nasjonale føringar

Det er mange nasjonale føringar gjennom Stortingsmeldingar, utgreiingar og lovendringar som bygger opp under behovet for ei heilskapleg oppvekstplan. Stortingsmelding 6 om tidleg innsats og inkluderande fellesskap og Stortingsmelding 2 - Likeverdsreformen har ført til fleire lovendringar som handlingsplikt når det oppstår bekymring for eit barn, samarbeidsplikt for instansar som arbeider

med barn og unge og å opprette barnekoordinator når det er behov for å gi heilskap i tenestene. Velfredstenestelova gir pålegg om samarbeidsplikt når det er nødvendig med heilskaplege og koordinerte tenester, og dette er no også forankra i alle særlovene. Opplæringslova og helselovgivninga set krav til handlingsplikt når det oppstår uro for eit barn eller ungdom, og barnevernslova set krav til planer for førebygging og organisering av samarbeidet mellom instansane.


I tillegg peiker Perspektivmeldingen frå 2019 på behovet for ny praksis, dei demografiske endringane kombinert med eit veksande utanforskap gjer det naudsynt å tenkje nytt for løyse framtidas utfordringar. Det blir fleire eldre, men stadig færre i arbeidsfør alder til å ta seg av dei eldre og det vil bli mangel på kompetanse i dei fleste sektorar. Da må både kommunar og lokalsamfunn gjere ein innsats for å lykkast med livsmestringsoppdraget slik at ein større del av befolkninga kjem i utdanning og arbeid.

Rammeplan for barnehage og Fagfornyelsen for skule har gitt tydelege føringar på at livsmeistring skal vektleggast og at aktivitetar skal vera både meningsfylte og praksisnære. Leik og læring skal gå hand i hand. I tillegg har vi fått ny rammeplan for SFO. Det er og ei forskrift og den er konkret på innhaldet. SFO er no tydeleg definert som ein del av skulen, rektor har øverste ansvar, og tilsette og barn i SFO skal følgje dei verdiar og satsingar som gjeld for skulen.

Målet er at SFO skal vera ein arena der barn opplever heilskapleg utvikling og læring, og at alle barn blir ein del av eit inkluderande miljø. Det blir da viktig at både skule og støttetjenester ser på det som ein moglegheitenes arena, og at SFO er ein stad der dei kan leike, skape, utforske og meistre.

Dei ulike nasjonale føringane seier likevel lite om korleis kommunen skal arbeide, det må den enkelte kommune i stor grad utarbeide sjølv. Det blir laga nokre nasjonale rettleiarar som kan være til god hjelp, likevel må ein konkretisere dette ytterlegare og tilpassa til lokale forhold.


Denne planen har ei plassering i planhierarkiet som ein temaplan. Det vil seie at han legg tydelege føringar for korleis ein skal gjennomføre arbeidet, samstundes som den enkelte verksemd må gjera det tydeleg for sine tilsette korleis kvar enkelt skal arbeide.



2. Mål og strategiar

Formålet med ein heilskapleg plan for barn og unge er altså å skape ein oppvekstsektor og eit oppvekstmiljø som får alle barn til å oppleve livsmeistring. Dess fleire som kjem gjennom barne- og ungdomstida og meistarar livet sitt, dess færre er det som hamnar i utanforskap. For å nå dette målet må ein endre måtar å arbeide på, og endre ressursbruk og kompetanse mot det førebyggjande og tidleg innsats. Gevinsten vil vere at færre treng ekstra hjelp, både på kort og lang sikt. Det kan ein illustrere på denne måten:

Oppvekstreformen - intensjonar



Strategiar:

For å nå målet om livsmeistring for alle barn, må ein ha ein kultur, struktur og kompetanse for å arbeide førebyggjande, med tidleg innsats og med samhandling. Ein skal arbeide for at alle barn skal oppleve meistring og oppleve seg inkludert, og dei skal saman med foreldre vere samarbeidspartnar når det er behov for ekstra innsats. Alle skal være aktive deltakarar i eige liv, og tiltak skal bli utforma i samarbeid med dei som tek i mot tenestene.

Ein må tenkje nytt og vera medviten på kva som verkar og slutte med det som ikkje verkar. Rammeplan for barnehagar og SFO og Fagfornyinga er tydeleg på at ein skal arbeide med meistringsopplevingar og varig læring. Då må ein også konkretisere og ta i bruk intensjonane som ligg bak omgrepa **grunnleggjande ferdigheiter** og **djupnelæring**. Sosial og fagleg kompetanse er begge naudsynte i livsmeistringsoppdraget.

Både i det spesialpedagogiske og i det ordinære pedagogiske arbeidet veit ein at høg kvalitet er det viktigaste. Samstundes må ein også bruke metodefridomen og tenkje alternativt når ein ikkje lykkast. Arbeide med læringssynet og vurdering for læring må ein fortsette med.

Barnekoordinator er etablert for å koordinere arbeidet med barn og unge som har individuell plan og som treng hjelp frå tre eller fleire tenester. Det gjeld då barn som er i den raude delen av trekanten. Koordinatoren skal først og fremst arbeide for at alle instansar held seg til samhandlingsplikten og at familiane kan halde seg til ein person i staden for mange instansar. Det ligg i ansvaret til koordinator å sørge for at det blir laga individuell plan, og at denne blir følgt opp.

Strategiske mål:

- Kommunen har systematisert eit førebyggjande arbeid i alle fasar av barnets oppvekst. Eit førebyggjande arbeid der alle barn og føresette opplever same høge kvaliteten på tenestene og møter same kompetanse og like rutinar.
- Barn og unge som treng hjelp blir oppdaga tidleg og får rask hjelp uavhengig av om utfordringa gjeld lærevanskar, psykisk eller fysisk helse eller familiesituasjonen
- Barn, unge og deira familiar får heilskapleg og koordinert hjelp
- Alle barn og unge opplever eit godt og inkluderande oppvekst-, leike- og læringsmiljø
- Ungt utanforskap blir tatt tak i og det blir gitt riktig hjelp

Målgruppa:

Målgruppa for planen er alle som arbeider direkte med barn, unge og deira føresette, politisk og administrativ leiing og for alle som har kontakt med barn og unge i lokalsamfunnet. Det er dei vaksne som må endre praksis for at alle barn skal lukkast ut frå sine føresetnader.

3. Barnets beste og FN sine berekraftmål

Alle kommunar er pliktige til å arbeide etter FN sine konvensjonar og mål. Barnekonvensjonen seier at alle vedtak som gjeld barn skal ha ei barnets beste – vurdering. Dette er vi også forplikta til gjennom Grunnlova, og da må ei oppvekstplan ha dette. I ei slik vurdering ligg også barnets stemme og retten til medverknad. Difor har ein hatt med barn og unge i å utarbeide planen.

Kommunane er og forplikte til å arbeide etter FN sine berekraftmål. I denne samanhengen er det følgjande mål som blir dekkja av plana:



3.1 Teieplikt og opplysningsplikt

I samband med oppvekstreformen er det viktig at både føresette og alle som arbeider med barn og unge har nok kjennskap til barnet til å gjere ein god jobb. Når ein skal vurdere om det er teieplikta som gjeld eller informasjonsplikta, må ein ta eit barns beste – blikk og tenkje på kva den vaksne treng å vite for å vera ein god forelder eller ein god tilsett som skal lukkast i arbeidet. Lovverket er no tydeleg på at teieplikta ikkje skal vera til hinder for god samhandling til barnets beste.

4. Utfordringsbilete i våre kommunar

Dette kapittelet bygger på tall fra ulike kjelder som KOSTRA, oppvekstbarometeret, Ung data, GSI, analysebrettet (U.dir.), Basil (barnehage) og Framtidsverktøyet 2040.

Kommunane i Vest-Telemark har ein del felles utfordringar som dei deler med resten av landet, men det er også nokre område som skil seg ut. Det er nokre ulike situasjonar kommunane i mellom. Demografiutviklinga er på linje med landsgjennomsnittet. Det vil bli fleire eldre fram til 2040 før det flatar ut, og antall barn og unge vil minke mot 2035. Totalt vil folketalet i kommunane også minke noko. Det er også relativt få med innvandrarbakgrunn.

Andelen sysselsette er høgare og utanforskapet er omtrent som i landet elles. Sjølv om delen av befolkninga med høgare utdanning er lågare enn snittet, er det gode tal for gjennomføring av vidaregåande skule. Det er likevel noko fråfall som mellom anna kjem av at ein del elevar må reise til skuletilbod i andre kommunar. Jamt over ligg kommunane rundt landsgjennomsnittet for utanforskap, rundt 21 % i alderen 20 – 66 år som verken er i arbeid eller utdanning.

Når det gjeld ulike kvalitetar i oppvekstmiljøet i kommunane, så trivst elevane jamt over godt på skulen, men det er store variasjonar frå år til år. Det gjeld både trivsel, mobbetal og skuleresultat. Samstundes ser at ein at det store skilnader på psykisk og fysisk helse. Dei fleste har gode vener og trivst bra sosialt, men det er større utfordringar på den fysiske helsa. Det er ein del overvekt, og dette kan skuldast få fritidstilbod som igjen blir erstatta med mykje skjermtid.

I forhold til skuleresultat er det vanskeleg å finne eintydige treff, då det er variasjonar frå år til år både når det gjeld nasjonale prøver, eksamenar og skulebidragsindikatorar. Det er også variasjonar faga imellom. Talet på elevar som får spesialundervisning er på landsgjennomsnittet, rundt 10 % i ungdomsskulen. Grunnskulepoenga, summen av alle karakterar etter 10. trinn, har som regel stor samanheng med kor høg grad av elevane som gjennomfører vidaregåande skule. Det stemmer også i Vest-Telemark. Fullføring av vidaregåande skule påverkar også graden av utanforskap.

Oppvekstprofilen for kommunane viser også interne skilnader når det gjeld busituasjon, økonomi, folkehelse og rus. Nokon bur trøgt og har dårleg økonomi, og dette kan vera ekstra sårbart i gjennomsluktige miljø.

5. Definisjonar - felles forståing styrkar arbeidet

Når me skal arbeide saman om barn og unge sin oppvekst må vi ha eit felles språk, og same forståing for innhaldet av dei omgrepa vi brukar.

Heilt sentralt i oppvekst er inkludering, førebygging, tidleg innsats og samhandling. Nedanfor blir desse omgrepa definert, med utgangspunkt i føringane frå oppvekstreforma.

Inkludering

Inkludering er noko ein opplever, det er meir enn ei fysisk plassering saman med andre. For å føla seg inkludert må ein ha ei oppleving av å være ein likeverdig del av aktivitetar saman med andre. Det gjeld i læringsaktivitetar og på fritida. For at barn skal oppleve seg inkludert, stiller det krav til heile lokalsamfunnet. Ei medviten haldning rundt inkludering er også ein førebyggjande aktivitet, barn som opplever seg ekskludert vil ofte ty til negativ åtferd for å få oppmerksomd.

Førebygging

Førebyggjande aktivitetar er generelle aktivitetar som skal redusere behovet for ekstra tiltak seinare. Når barn opplever læring og meistring, er det mindre sjanse for at dei utagerer eller viser andre symptom på at dei mistrivest.

Førebyggjande aktivitetar kan vera:

- Foreldre og dei som arbeider med barn og unge er gode rollemodellar for eget og andre sine barn.
- Foreldreopplæring
- Kvalitet i alle tenestene i oppvekst, frå jordmor til vidaregåande skule.
- Godt arbeid med språk, spesielt i barnehagen og i småskulen
- Praksisnær læring, læring som gir meining, vi skjønner kvifor vi lærer. Meistring i læringa
- Vi inkluderer alle, alltid
- Vi kan å være sosiale, både på nett og saman med andre
- Vi har gode system for å følge med og fange opp.
- Gode rutinar for å sjekke syn, høyrsel og andre helsemessige forhold
- Fysisk aktivitet for å skape god helse

Tidleg innsats

Tidleg innsats er å gjera dei rette grepa til rett tid. Det vil seie at dersom tilsette eller andre har uro for eit barn, er ein pliktig til å gjere noko med dette, men samtidig er det viktig at det blir gjort med rett kompetanse. Å vente og sjå er inga løysning. Nokre gonger kan den tilsette løyse problemet sjølv. Andre gonger må problemet bli løfta dit det er rett kompetanse.

Tidleg innsats er også

- Kompetanse til å oppdage at nokon treng hjelp
- Bruke kartleggingar etter føremålet
- Hente inn nødvendig kompetanse når me ikkje har den sjølv
- Gode strukturar, me veit kvar me skal gå med uroa vår
- Vi evaluerer ofte og sluttar med tiltak som ikkje verkar

Samhandling

Samhandling betyr å arbeide saman for å løyse ei oppgåve, og der alle har ansvar for å nå eit felles mål. Alle er likeverdige partar, og ein har ulike kompetanse som skal bidra inn for å finne gode løysingar. I samhandling er ein nysgjerrig på kvarandre sine ferdigheiter og kompetanse, og alle byr på sine ressursar. Ei føresetnad for å lykkast med samhandling, er at det er gode møteplassar som har god kultur og struktur, med barnets beste som fokus og medverknad som gjennomgåande arbeidsmåte.

I samhandlinga er det viktig at:

- Me har god møteleiing
- Alle kjenner innhaldet og er samde om målet
- Me høyrer på barn og unges stemme, og dei opplever å bli tekne på alvor
- Me gjer alltid barns beste – vurderingar
- Alle kjenner seg som deltakarar i laget rundt barnet, uavhengig av rolle

Kva er god hjelp, kva er gode tiltak?

God hjelp og gode tiltak er innsats som blir sette inn for at barnet/ungdommen/familien skal greie seg betre, bli sjølvstendige og meistre livet sitt så godt som mogleg ut fra de føresetnadene dei har.

Det er viktig at hjelpa som blir sett inn, jamleg blir evaluert, og at ein sluttar med tiltak som ikkje verker. Me brukar handlingsrommet og ser etter nye ressursar og nye moglegheiter når dei tradisjonelle metodane ikkje gir effekt. Handlingsplikta slår inn, og alle som er i laget rundt barnet byr på sin kompetanse og sine ressursar for å betre situasjonen. Barn og familie skal oppleve seg som jambyrdige samarbeidspartar. Hjelpa er styrkebasert, målretta og gir effekt.


6. Den gode praksisen – slik gjer me det i våre kommunar

Tverrfagleg samhandling:

Dette vil me oppnå:

Barn og familiar opplever at den hjelpa dei får er samkøyrte og heilskapleg. Medverkinga blir opplevd som reell. Alle deltakarane i dei tverrfaglege møta opplever seg som likeverdige partar. Føresette og tilsette i tenestene opplever at dei får adekvate råd og rettleiing for å tilpassa sin praksis til barnets beste.

Tenestene må samhandle om både det førebyggjande arbeidet og i tidleg innsats.



Slik gjer me det:

- Me etablerer faste tverrfaglege samhandlingsteam på alle skular og barnehagar
- Faste deltakarar: Skule/barnehage, PPT, helsesjukepleiar og barnevern, og det er møteplikt. NAV og andre instansar blir kopla på ved behov.
- Møteplassen til teamet er ute på den enkelte eining eller verksemd
- Mandatet til teamet er både på systemnivå for å utvikle den faglege kompetansen på eininga, for medlemmane, og på individnivå for å hjelpe barn og føresette.
- Mandatet er også å komme med råd og rettleiing i ein tidlig fase, før eventuell utgreiing.
- Medlemmane set av nødvendig tid til dei konkrete møtepunkta, og møta har tre element:
 1. Generell diskusjon om tilstanden på eininga eller planlegging av aktivitetar
 2. Rettleiing av tilsette eller kompetanseheving i personalet og teamet
 3. Observasjon av barn/eleva eller samtalar med barn/føresette
- Møta har klar møteleiing og alle medlemmane har mynde til å utforme tiltak
- Alle møtedeltakarane deltek for å by på sin kompetanse og sine ressursar
- Møta blir halde minst 2 gonger i haustsemesteret og 3 gonger i vårsemesteret, avhengig av storleiken på tenestestaden. Dei største verksemdene kan ha månadlege møte. Hyppigheit blir prøvd ut og evaluert.
- Møta følger ein felles mal som styrer agendaen i møtet

Malen ligg til slutt i dokumentet

Roller og ansvar:


- Møta blir leia av tilsette/leiarar som har kompetanse i å leie tverrfaglege møte, og møtedeltakarane har fått delegert nok ansvar til å vera vedtaksføre
- Dei som representerer ulike profesjonar, har mynde til å ta avgjerder på vegne av si teneste

- Barn, unge og føresette blir invitert inn som likeverdige deltakarar med felles ansvar for å finne gode løysingar.

Førebygging

Dette vil me oppnå:


Vi arbeider førebyggjande for å redusere behov for ekstra hjelp både for barn og familiar. Det førebyggjande arbeidet går føre seg i heile oppvekstløpet og er tilpassa dei ulike utviklingstrinna hjå barnet.



Slik gjer me det:

- Me jobbar systematisk og målretta for å sikre høg fagleg kvalitet i alle tenester
- Me sikrar at alle barn og familiar opplever same nivå på tenestene, uavhengig av kva for barnehage, skule eller hjelpeteneste dei møter
- Me bruker den samla kompetansen i kommunen til å gjere både tilsette og føresette gode til å møte barna med dei aktivitetar og læring som er nødvendig for å skape meistringsopplevingar og positiv utvikling
- Me har fokus på dei heilskaplege rammevilkåra til familien, der bustad, inntekt og fritid også er viktige element
- Me jobbar saman for å skape oppvekstmiljø som er aktivt, inkluderande og variert slik at det treff alle barn
- Me tilbyr systematisk foreldrerettleiing til alle foreldre. Det blir laga konkrete og forpliktande rutinar på kven som skal gjera kva på ulike alderstrinn. Dei ulike tema blir planlagt og gjennomført av ei tverrfagleg samansett gruppe.

Dette kan me illustrere på følgjande måte som eit døme, men det førebyggjande arbeidet må fortsette for heile oppveksten:



Roller og ansvar:

- Alle som arbeider med barn og unge har eit ansvar for å bidra i det førebyggjande arbeidet.
- Leiinga har eit overordna ansvar for å sjå heilskapen og at det førebyggjande arbeidet er strukturert og i forkant av utviklinga til barnet.

Tidleg innsats

Dette vil me oppnå:


Me oppdagar barn og foreldre i risiko og saman hjelper dei så tidleg som mogleg i liv deira, slik at ein hindrar skeivutvikling.

Tidleg
innsats

Slik gjer me det:

- Me har kartleggingar og system som er like for alle barn for å fange opp særskilt sårbare barn og familiar
- Me definerer omgrepet uro og når me bør bli urolege?
- Me handlar på teikn eller risikoindikatorar før problema utviklar seg
- Me samhandlar med barn og familiar som ressursar
- Me koplar på rett kompetanse til rett tid og samhandlar tverrfagleg
- Me tek ansvar for samhandling og sikrar at barn og føresette opplever eit lag rundt barnet der alle jobbar mot same mål
- Me set inn, følger opp og evaluerer tiltak kontinuerleg
- Me gjer ikkje meir av det som ikkje verker, me gjer noko nytt
- Me har felles kompetanseheving jamleg
- Me har felles rutinar for bekymringsmelding. Rutinane er godt kjent, forpliktande og lett å bruke.
- Me har felles digitale system

Det kan me illustrere på denne måten:



Ansvar og roller:

- Alle tilsette som arbeider med barn og unge har ei plikt til å handle når dei får uro for eit barn eller ser at utviklinga ikkje går som forventa, enten fagleg eller sosialt. Det skal bli løyst hos dei som er nærast barnet, om nødvendig saman med rett tverrfagleg kompetanse.
- Den som blir bede om å bidra er pliktig til å delta med sin kompetanse og sine ressursar


- Leiinga er ansvarleg for at rutinar er kjent og at praksis blir følgd

Kompetanseheving:

Dette vil me oppnå:

Kompetansen er nær barnet. Det betyr i praksis at dei tilsette som er nærast barnet og føresette har nødvendig kompetanse for å gi barnet best mogleg hjelp.

Kompetanseomgrepet inneheld fleire element, slik som vist i figuren til høgre. Kompetansedeling er ein vanleg arbeidsmetodikk.



Slik gjer me det:

- Me har oversikt over kva for kompetanse me har og kvar me skal få tak i det som manglar
- Me har arenaer og møteplassar der kompetanse blir delt
- Me har ein kultur og strukturar der det er naturleg å by på sin kompetanse og ei nysgjerrigheit og anerkjenning for å lære og ta i bruk andre sin kompetanse
- Me gjennomfører systematisk kompetanseheving på generelt grunnlag for alle som er nær barna og gir riktig kompetanse når barn treng noko spesielt
- Me gjennomfører jamleg kompetanseheving på førebygging og tidleg innsats
- Me har en klar forståing for kva som kan gjerast innafor eigen kompetanse og kva ein må samhandle med andre om
- Me har kompetanse på å leie og delta i tverrfagleg samhandling
- Me har kompetanse på brukarmedverknad som gir reell og opplevd medverking, og kvar barn og foreldre opplever seg som samarbeidspartnarar.
- Me har kompetanse på å snakke med barn og unge
- Alle faginstansar byr på sin kompetanse på arenaer der dei når flest mogleg



Ansvar og roller:

- Den enkelte tilsette har plikt til å ha oppdatert kompetanse innan sitt fagområde
- Den tilsette har også plikt til å samarbeide med andre når eigen kompetanse ikkje er tilstrekkeleg

- Leiinga har ansvar for at organisasjonen har tilstrekkeleg kompetanse til å utføre sine oppgåver, anten internt eller saman med andre.

7. Vegen vidare

For å nå intensjonane med planen må ein sikre at det faktisk skjer ei praksisendring. Dei rutinane som blir skissert må me implementere for alle tilsette som arbeider med barn og føresette, og det må bli skapt god forståing på kvifor ein gjer endringar og utviklar ny praksis.

Kven har vore med på å lage denne planen, generell del:

Deltakarar i utarbeiding av planen: Oppvekstsjefane i Fyresdal, Nissedal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje. Leiarar i PPT, barnevern og NAV

Deltakarar på samling: Leiarar og tilsette frå skular, barnehagar, PPT, barnevern, kultur, helse og andre som arbeider nær barn og familiar i alle dei fem kommunane. Ungdomar og politikarar.

Med bistand frå KS Konsulent

8. Lokal del for Tokke kommune

Denne delen viser eit bilete av dei lokale forholda i Tokke kommune. Kva styrkar og utfordringar har me i Tokke kommune, og korleis vil vi løyse dette i tråd med føringane som ligg i felles del. Her ligg også lokal innsikt frå brukarane, korleis dei opplever tenestene og oppvekstsituasjonen i kommunen.

Tokke kommune sin lokale oppvekstplan er skissert i eiga plan. Den lokale planen vil vere retningsgivande i arbeidet mot born og unge.

Deltakarar i utarbeiding av den lokale planen har vor ein kommunal arbeidsgruppe med representantar frå oppvekst, helse og SLT. Det har vore innspel frå tilsette, føresette og ungdomsråd/elevråd.

